**Ein flott fjelltur får toppen av Hangursbana og tilbake til Voss sentrum. Nyt den fantastiske utsikten frå Hangurstoppen! Denne turen er aktuell i den perioden Hangursbana går i sommarsesongen.**




A wonderful mountain walk from the top station of Hangursbana Cable Car back to Vossevangen. Enjoy the magnificent view fromthe top! It is adviseable to check the opening times for the cable car in advance.


*Hangursbanen.*

## Rute og ymse av interesse

Terreng: Sti, traktorveg og asfaltveg den avsluttande biten.
Tid: Ca. 3 timar.

Vi tilrår å sjekka avgangstidene for Hangursbana på førehand.
Parkering i sentrum på Vossevangen, eller ved Hangursbana.

Frå Vangskyrkja i sentrum følgjer vi skilt merka Hangursbana. Gå under jernbanebrua og vidare rett fram., så til høgre ved merka skilt og opp til nedre stasjon for Hangursbana.

## Route and places of interest

Terrain: Footpath, tractorway, paved road
Time: 3 hours

Parking in the centre of Vossevangen, or by the Cable car station.

Start from Vangskyrkja (Vangs Church). Follow the sign to Hangursbanen. Walk under the railway bridge and carry straight on and turn right at the signpost and follow the road to the cable car station (**1**).

The cable car will lift you up 600 metres in 5-6-min., to a wonderful mountain world. There is a restaurant with all facilities at the top station (**5**).

Up and behind the restaurant you turn left, walk up a hill and carry on through marshy terrain to a bench located on the viewpoint. You have a fantastic view of Vossevangen and the surrounding mountain ranges.

Carry on along the «T» marked trail through the marshes and further upwards until you come to a fork. You are now at Frukosthola -breakfast hole - 760 metres above sea level (**6**). The Red Cross Cabin and the Vallberg tarn are on the right. The surroundings are an eldorado for skiers in the winter months and you can see Lønahorgi to the north-east, 1412 metres above sea level.

You can either trace your steps the same way that you came, back to the cable car - or turn left and go west towards Kisseldur (**7**).
The summer pastures at Kisseldur belong to the Dolve Farms at Dyrvedalen where summer farming was carried out as late as in 1960. Follow the footpath and signs to Voss centre. Easy going down the trail which changes

**Sjå Tur 72 for reiserute og fotturar**
See Tour 72 for route and walks

Hangursbana løfter oss opp 600 meter på 5-6 min. Ved øvre stasjon er det restaurant/kafe, toaletter etc. Flott utsikt over Vossebygda!

Frå øvre stasjon og Hangursrestauranten **(5)** er det ulike stiar å følgja ned til sentrum. Eitt alternativ er å gå den bratte stien under Hangursbana via Skitset **(4)** til Mølstertunet **(3)** og vidare på asfaltert veg til sentrum. *Her er det ein del bratte parti som krev ekstra varsemd.*

Ein litt lengre tur i fint fjellterreng startar på oversida av Hangursrestauranten, opp bakken til venstre. Vi kan følgja «T»-merka sti gjennom lett terreng forbi Røde kors hytta og Valberg tjern på høgre sida, fram til Frukosthola **(6)**.

Her i frå ser vi ut over eit område som er eit skieldorado på vinterstid, med Lønahorgi (1412 m.o.h.) i nordaust.

Vi kan ein returnere - ta same stien attende til Hangursbana og ta bana ned att til sentrum - eller ta til venstre vestover mot Kisseldur **(7)**.
Kisseldur-stølane høyrar til gardane Dolve på Dyrvedalen og det var stølsdrift her fram til 1960.
Følg sti og skilt vidare mot Vossevangen. Lett terreng, skiftande frå tørt til meir myrlendt. Vi vandrar gjennom lett skogsområde og på hausten finn ein skogsbær på rindane.

Ved Heggjavad **(8)** går vi inn på bilveg og følgjer denne vegen forbi garden Raugstad. Vidare på asfaltveg attende til sentrum.

from dry to marshy terrain. You wander through sparse woods and you can pluck wild berries in the Autumn.

Take the tractor road at Heggjavad **(8)**. Follow this road past the Raugstad Farm. From here the road is asphalted and you follow the main road back to the centre of Voss.

***Hugs:***
*Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

***Remember:***
*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laving out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland,
Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.

**Kopiering er ikkje tillatt** **All rights reserved.**



BODONI HUS